



# Meland kommune

Åstveit svømmeklubb  
Postboks 62  
5872 BERGEN

ArkivsakID/ JpID: 15/1805 15/21891

Dato:  
08.12.2015

## AVTALE LEIE AV SYMJEINSTRUKTØR VÅR 2016

### Partane

Denne avtala vert inngådd mellom Åstveit svømmeklubb og Meland kommune (ved Reidun E. Johannessen, [reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no](mailto:reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no) mobil: 414 00 277 Kontor: 56 17 10 71).

### Omfang/endingar

Åstveit svømmeklubb tek på seg oppdraget med å bistå Meland kommune med symjeinstruktørar. Det gjeld symjekurs kommunen skal arrangere for nyankomne flyktningar. Oppdraget gjeld for eitt kurs for menn/gutar over 10 år. Symjeklubben stillar med to instruktørar. Maks antall deltakar per gogn er 12 stk.

Kurset for menn/gutar gjeld følgjande veker:

Uke 3 – 23 jan., Uke 5 – 6 feb., Uke 7 – 20 feb, Uke 9 – 5 mars, Uke 11 – 19 mars

Tidsplanen:

11.30 - 11.45: garderobe

11.45 – 12.30: 1.time symjeopplæring med instruktørar

12.30 – 12.45: Pause

12.45 – 13.30: 2. time symjeopplæring med instruktørar

13.30 – 14.00: garderobe:

Stad: Kurset haldast på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug.

Åstveit svømmeklubb ordnar med vikar ved sjukdom.

### Oppdraget skal avsluttast

Oppdraget avsluttast når begge kursrekkene er gjennomført. Når det er ønskeleg eller naudsynt å gjera endingar i oppdraget av ein slik art at dei ikkje vert dekt av allereie inngåtte avtale, må ein inngå ei ny skriftleg avtale.

### Pris/\*fakturering

Pris for oppdraget vert avtalt til 20 000,- for 5 gonger inkludert lønn og reise. Fakturering vert gjort etter kvar avslutta kurs. Betalingsfrist 14 dagar etter at oppdragsgivar har motteke faktura. Ved betaling etter forfall bereknast forseinkingsrente.